

Hei,

Som avtalt har vi diskutert vidare framdrift for alpinplanane i Bøverdalen administrativt i kommunen, i samråd med ordførar Bjarne E. Holø.

Vi har forstått det slik at grunneigarane gjerne vil ha eit skrifteleg signal frå Lom kommune før dei eventuelt går vidare med forhandlingane / diskusjonane.

**For å sikre tilstrekkeleg forankring foreslår vi derfor følgjande framdrift:**

- Planane blir meldt inn skrifteleg som eit forslag til kommunen sin arealplan frå initiativtakar når dette blir vurdert som aktuelt av tiltakshavar. Sidan dette er eit såpass omfattande tiltak blir planane slik dei ligg føre nå tatt opp til drøfting i kommunestyret. Med grunnlag i dette kan kommunestyret gje uforpliktande attendemelding på planane på nåverande stadium. Vidare prosess må sjølv sagt følgje gjeldande og overordna lovverk.
- Fyrste anledning til dette er kommunestyret den 19. desember, forslaget må sendast inn i god tid før dette.

**Eit slik forslag bør innehalde følgjande:**

- Ei kartfesta yttergrense for arealet som er tenkt nytta til dette føremålet
- Eit kartfesta omriss av det som er tenkt til hyttebyggingsføremål
- Ei skildring av tiltaket på nåverande tidspunkt
- Orientering om forprosjekt med innhald og framdrift

Det er truleg at arbeidet med arealplanen og eit eventuelt forprosjekt vil måtte skje delvis parallelt.

Vi har konkludert med at det derfor kan vere lurt å melde inn tiltaket til kommunen sin arealplan så snart som mogleg.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Denne e-posten vil bli journalført.

Vennleg helsing

Åshild Myhre Amundsen

Næringsjef & landsbykoordinator

Miljø| Teknisk| Næring

[ashild.amundsen@lom.kommune.no](mailto:ashild.amundsen@lom.kommune.no),

Tlf: 975 22 977 | [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)



**Lom**



Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.